




Knut Herzberg Lie vann 6 håndkle og kunne gå rett i dusjen!

**80 trossa snøstormen og gjekk på basar i Helgheim der det var mogeleg å vinna 122 gevinstar. Den tradisjonelle basaren som er den viktigaste, faste inntektskjelda ffor skulemusikken vart nok ein gong vellukka sjølv om basarnemnda hadde ynskt større oppslutnad. Men det var sikra 20 000 før siste runde i Helgheim og sluttresultatet vart grovt rekna 30 000 kroner. For 2 år sidan var resultatet 10 000 høgare.**



Medaljørane er oppstilt og ventar på utdelinga som Thor Inge Døssland skal foreta. han står lengst til høgre - Kanskje skal vi skylde på veret denne gongen, seier Anne Rørheim i nemnde.



Tor Skeie Olsen held fram som dirigent

Som tradisjonen også tilseier vart arrangementet innleia med ein kvarterlang konsert der dei unge musikantane spela 5 stutte stykke av ymse karakter. Det er grunn til å vera imponert over kva dei har lært berre i den fyrste månaden i år. Og vi kan supplera med den hyggjelege melding at Tor Skeie Olsen held fram som dirigent. No kan han svinge taktstokken over 24 og av dei er det 7 aspirantar.

Under basaren vart det som vanleg delt ut medaljar og det var treårsmedaljar til Frida Nybakk, Ann Helen Rød og Merete Myklebust. Sindre Aksnes fekk medalje for 5 år og Vegard Døssland og Birgitte Hjelmeland for 10. Utdelinga vart supplert med kloke ord frå Thor Inge Døssland om kva ein slik fritidssysse har å bety seinare i livet.



Emilie Bringedal kjem med gevinst

Sjølve auksjonen hadde det tradisjonelle opplegget som slutta med

hovudgevinstane og her kunne ein notera seg at Miljeteig på Friheim vann ein heil bondegard - ein lekebondegard vel å merka. Det har vorte ny leiing i skulemusikken som består av Elin Enes, Haldis Åkra og Anne Guri Kildal og i basarkomiteen sat også Anne Rørheim, Gro Hjelmeland og Torunn Davidsen. Styret har enno ikkje fordelt verv seg imellom.

Med basaren har damene lagt bak seg ein ny jobb for eit viktig føremål. Men kva med mennene?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen